

Fylkeseldrerådet i Hordaland Regional transportplan Hordaland 2018-2029 (RTP)

UTTALE

Høyringsdokumentet ber om at dei som uttalar seg til Regional Transportplan, særleg tek føre seg kva planen seier om mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak. For fylkeseldre-rådet er det naturleg å sjå på kva planen kan få å seia for situasjonen for dei eldre i fylket.

Fylkeseldrerådet har i tidlegare uttalar til Regional transportplan (RTP) vore oppteken av at det måtte verta lagt vekt på gode og tenlege kollektivtilbod med eit breitt rutenett og god korrespondanse mellom ulike bussruter og mellom buss og båt. Vidare har rådet peikt på kor naudsynt og tenleg det er å leggja til rette for romslege område for innfartsparkering for å få folk til å nytta kollektivtransport. Fylkeseldrerådet har også vore spesielt opptatt av at alle nye vegar blir bygde med gang- og sykkelvegar på sida. Fylkeseldrerådet er derfor glad for at RTP 2018- 2029 vektlegg desse områda i ulike kapitel i planen.

Rådet har i tillegg til å kommentera mål, strategiar, prioriteringar og tiltak nemnde i dei enkelte kapitel, disponert uttalen sin rundt punkt som rådet meiner har mykje å seia for dei eldre i fylket. I kommentarane viser vi til kor tema som vi tek opp, er nemnde i planen.

Kapitel 2: Overordna MÅL og STRATEGIAR

Overordna MÅL (pkt 2.1)

Rådet merkar seg særskilt at det i målsettinga blir lagt så stor vekt på at transportsystemet skal vera samanhengande og binda fylket saman, og at det blir særskilt nemnt kor viktig det er at ein ved å reisa kollektivt kan nå dei ulike regionsentra frå heile den aktuelle regionen.

Desse målsettingane er spesielt viktig for eldre og andre som ikkje kan nytta bil.

Rådet meiner at det i målsettinga *samanhengande* må liggja at det er god korrespondanse buss til buss og båt/buss.

Overordna STRATEGIAR (pkt 2.2)

Fylkeseldrerådet sluttar opp om dei overordna strategiane slik dei er nemnde i pkt. 2.2., og då særleg formuleringa side 14: om at fylkeskommunen vil "Arbeida aktivt inn mot sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt i Hordaland."

Kapitel 5: Fylkesvegnettet.

MÅL og STRATEGIAR

Fylkeseldrerådet støttar opp om overordna mål, og delmål formulert i punkt 5.1 og strategiar formulert i punkt 5.2,

Rådet har følgjande kommentarar til underpunkt:

Vegnettet, tryggleik i trafikken, rassikring og universell utforming (omtalt i pkt 5.1, 5.2, 5.2.6, 5.2.7, 5.2.8, 5.2.10..2)

Fylkeseldrerådet er glad for at vedlikehald av det fylkeskommunale vegnettet skal vera ei målsetting og ein overordna strategi for å få **tryggare vegar**, og at oppgradering og vedlikehald av gamle vegar skal gå framfor nye vegprosjekt. Likeins er rådet nøgd med at det skal bli lagt til rette for **auka gange og sykling**. Likeins ser rådet det som svært positivt at **rassikring** er handsama som ein naturleg del av arbeid med trafikksikring.

Fylkeseldrerådet meiner at sikre vegar er viktig for alle som ferdast langs vegane.. Etter rådet si meinig er bygging av gang- og sykkeltrasé langs vegane eit av dei beste trafikksikringstiltaka ein kan gjera for å sikra dei yngste og dei eldste mjuke trafikantane.

Men gang- og sykkeltraséa må vera så breie at gåande og syklande kan passera kvarandre utan problem. Helst burde det vera skilte "filer" merka for syklande og fotgengjarar, slik som ein til dømes har merka gang- og sykkelvegen ved ADO arena. i Bergen.

Fylkeseldrerådet er samd i at krav til vegstandard må koma tidleg i prosjektfasen.

Fylkeseldrerådet er glad for at det i planen vert uttalt at ein i arbeidet vidare vil ha særleg merksemd på krav til **universell utforming** med tanke på personar med nedsett funksjonsevne.

TILTAK

Fylkeseldrerådet sluttar seg til tiltaka formulerte i punkt 5.3.

Kapitel 6: Kollektivtransport utanom Bergensområdet...

MÅL og STRATEGIAR

Fylkeseldrerådet støttar opp om overordna mål, og delmål formulert i punkt 6.1 og strategiar formulert i punkt 6.2 og 6.3,

Rådet har følgjande kommentarar til underpunkt:

Rutetilbod (6.3.1 og 6.3.1.1)

Under punkt 6.3.1 vert det sagt at "skuleskyssen så langt som mogleg (skal) inngå i det ordinære kollektivtilboden.". Betyr denne formuleringa at det ikkje skal vera eigne skulebussar, men at elevane skal nytta seg av det ordinære rutenettet? Betyr det i sin tur at det ordinære rutenettet vil bli styrka med midlane ein sparar på ikkje å ha eigne skulebussar?

Fylkeseldrerådet er usikker på korleis punktet skal tolkast.

Dersom punktet betyr styrka ordinært rutenett på den strekninga det gjeld,, så er Rådet positiv dersom det vil føra til ordinært rutetilbod også etter skuletid og utanom skuleferiane

Knutepunkt, byttepunkt og haldeplassar. (, pkt 6.3.3.1 og 6.3.3.2)

Fylkeseldrerådet synest det er bra at oppgradering av knutepunkt og haldeplassar, inklusiv skilting, skal vera ein overordna strategi, og at fylket vil ta ein offensiv rolle i så måte, og også når vegen ikkje er ein fylkesveg.

Rådet meiner at særleg knutepunkt og byttepunkt må ha ein god standard både når det gjeld estetikk, skilting og informasjon på staden. Det må vera god le for vér og vind, men samtidig må det vera mogleg å følgja med på om buss/ferje kjem. For eldre er det viktig at alle haldeplassar har benk, slik at ein kan sitja ned mens ein ventar.

Transportordninga for funksjonshemma (TT-kortet), (pkt 6.3.6)

I dette punktet vert det uttalt eit ønskje om å frigjera midlar innanfor ordninga slik at årskvotane (tildelt beløp) for enkelte brukarar kan aukast. Det blir uttalt at det kan "vera tenleg å i større grad integrera transportordninga med den ordinære kollektivdrifta."

Fylkeseldrerådet er opptatt av korleis TT-kortet praktiserast og virkar overfor dei eldre.

Funksjonshemmingsa for dei eldre er gjerne at dei har vanskar med å nytta kollektive transportmiddel pga funksjonshemmings som til dømes därleg gange, men ikkje rullestolsbrukar, därleg helse generelt og vanskar generelt med å ta seg fram aleine frå ein stad til ein annan.

Fylkeseldrerådet ber difor om at eventuelle nye reglar for tildeling av TT-kort vert førelagt rådet før dei vert vedtekne.

TILTAK

Fylkeseldrerådet har ikkje kommentar til tiltak 6.1 og 6.3. Når det gjeld tiltak 6.2, viser rådet til det som er sagt ovanfor under kommentaren til Transportordninga for funksjonshemma.

Rådet gjør elles merksam på rapporten "Universell utforming underveis – en evaluering av universell utforming på bybanen og stamlinjenett for buss i Bergen" frå Transportøkonomisk Institutt (TØI rapport 1533/2016).

Kapitel 7: Transport i Bergensområdet.

MÅL og STRATEGIAR

Fylkeseldrerådet støttar opp om overordna mål, og delmål formulert i punkt 7.1 og strategiar formulert i punkt 7.4., men saknar omtale av servicelinjenettet i Bergen (sjå nedanfor).

Rådet har følgjande kommentar når det gjeld hovudkapitel 7.

Servicelinjenettet i Bergen

Fylkeseldrerådet kan ikkje sjå at servicelinjenettet i Bergen er nemnt i planen, korkje under strategikapitlet side 13, eller i kapitel 7, "Transport i Bergensområdet".

Rådet meiner at det er ein mangel ved planen, at servicelinene i Bergen ikkje er nemnt. Dei kunne til dømes vere nemnt under pkt 7.5.2: Byutgreiing for Bergen.

Det er SKYSS som har ansvar for servicelinene. Sidan tilbodet ligg under SKYSS, burde det vere nemnt i RTP.

Pr. april 2017 er det 4 serviceliner i Bergen: Bergen sentrum, Landås, Laksevåg og Åsane. Store bydelar som Bergen sør/Fana og Arna har ikkje serviceliner. Føremålet med servicelinene er formulert i kontraktstildelinga: "Hovudføremålet med

servicelinjene i Bergen er å gje eit busstilbod tilpassa eldre og rørslehemma slik at dei lettare kan nytte servicefunksjonar/ aktivitetar i nærmiljøet."

Linjenettet for servicelinene er lagt opp slik at dei går på tvers av det vanlege kollektive rutenettet, slik at dei reisande ikkje treng byta buss/bane undervegs. Betalinga er som for annan kollektiv skyss.

Rådet meiner at alle bydelar burde hatt tilbod om serviceliner. Men i første omgang kunne ein utvida med eit servicelinennett i Bergen sør/Fana, som omfattar Årstad, Ytrebygda og Fana/Nesttun.

Denne store bydelen har viktige offentlege institusjonar for bydelen, som Forvaltningseininga og NAV, lokalisert på Nesttun. Begge desse institusjonane er viktige for dei eldre. I tillegg er det eit stort augesenter, legetilbod og fysioterapisenter på Nesttun. Det går ikkje direkte kollektivruter til Nesttun frå dei områda som fell inn under bydel Bergen sør/Fana.

TILTAK (7.6)

Fylkeseldrerådet sluttar seg til tiltaka nemnt under 7.6, og då særleg at det skal lagast trafikkplan for båttilboden (7.4) og handlingsplan for innfartsparkering (7.5). Sjå likevel Rådet sin merknad ovanfor om servicelinennettet i Bergen.

Kapitel 8: Regionsenter

MÅL og STRATEGIAR

Fylkeseldrerådet støttar opp om hovudmål 8.1. og strategiane nemnt under pkt 8.3.

Rådet har følgjande kommentar når det gjeld hovudkapitel 8:

Utvikling av regionsenter som trafikkale knutepunkt.

Fylkeseldrerådet er positiv til at det er ein overordna strategi at det skal vera hovudliner for kollektivtransport mellom regionsentra for å oppnå auka bruk av kollektive transportmiddelet.

Vidare støttar rådet at det vert etablert sentralt plasserte knutepunkt som sikrar enkelt byte mellom transportmiddelet og at det vert lagt til rette for innfartsparkering.

Fylkeseldrerådet er glad for at tilhøva for dei mjuke trafikkantane er vektlagt, men rådet tiltegner seg å minna om at ikkje berre barn og unge (som går og syklar til skulen), men også eldre som ikkje (lenger) kan kjøra bil, er mjuke trafikkantar.

TILTAK (8.5)

Fylkeseldrerådet sluttar seg til tiltaka for utvikling av regionsentra, særleg pkt 8.3, som rådet meiner er spesielt viktig for dei eldre.

KAPITEL 9: Statlege ansvarsområde

MÅL

Fylkeseldrerådet støttar opp om mål 9.1. Rådet ser det som svært viktig at fylkeskommunen er aktiv overfor sentrale styresmakter og pådrivar når det gjeld regionale interesser, særleg når det gjeld rassikring for veg og jarnbane der staten har det overordna ansvaret, spesifikt sambandet Bergen-Voss..

TILTAK (9.6)

Fylkeseldrerådet sluttar seg til tiltaka under punkt 9.6.

VEDLEGG TIL RTP:

HANLINGSPROGRAM 2018-2021

TILTAK under Handlingsprogrammet

Kapitel 5:

Fylkeseldrerådet er opptatt av sikre vegar for alle trafikkantar, men særleg dei mjuke trafikkantane, og er glad for at dette er nemnt i handlingsplanen som tiltak 5.1 ,5.2 og 5.4.

Fylkeseldrerådet ser positivt på at det blir lagt politisk trykk, lokalt og senralt, på utbetring av rasutsette vegar i fylket. Rådet støttar difor tiltak 5.1.i Handlingsprogrammet om å ha ein gjennomgang av behovslisting for rassikring.

Fylkeseldrerådet vonar at fokuseringa i RTP på rassikring vil føra til at politikarane, uansett politisk parti, vil arbeida overfor dei sentrale styresmaktene for at utsetjinga av sikringa av vegen Bergen – Voss blir omgjort, og at arbeidet tek til i denne delperioden av den Nasjonale transportplanen..

Kapitel 6:

Fylkeseldrerådet er opptatt av ordninga med TT-kort , slik det går fram av kommentarane ovanfor til pkt. 6.3.6. **Fylkeseldrerådet er difor noko uroa over kva utfallet av tiltak 6.2: "Utgreiling- betre samordning mellom TT-ordninga og kollektivtransport", vil ha av konsekvensar for dei eldre.** jfr kva vi har sagt ovanfor under kapitel 6 om TT-ordninga

Fylkeseldrerådet ber om å bli særleg involvert i arbeidet med denne saka.

Kapitel 7:

Fylkeseldrerådet sluttar seg til tiltaka under kapitel 7 i Handlingsplanen, og særleg tiltak 7.5 om innfartsparkering. Rådet viser likevel til sin uttale ovanfor under kapitel 7 om serviceliner i Bergen.

Kapitel 8:

Fylkeseldrerådet sluttar seg til tiltaka under kapitel 8 i Handlingsplanen

Kapitel 9:

Fylkeseldrerådet sluttar seg til tiltaka under kapitel 9 i Handlingsplanen, og særleg tiltak 9.1.

For Fylkeeldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes